



Eldsjelane som står bak idrettsmerketakinga i Uskedalen opplever no ny vind i segla for idrettsmerket. I alle fall auka talet på merketakarar frå 10 til 13 i fjor og i år håpar dei på ny auke og ikkje minst at nokon fleire yngre vil slutta seg til rekkjene. Det er grunn til å minne om at talet ein gong har vore heilt oppe i 37. Det var i 1990 medan den nest beste notering var 30 deltakarar både i 1989 og 1991. Siden gjekk talet attende og nådde botnen med 9 i 2010.

Åshild Sjøwall har vore ein aldri sviktande eldsjel for idrettsmerkesaka siden ho kom flyttande hit frå Matre i 1976. No har ho passert 75 og har teke merket 53 gonger men har ikkje tenkt å gje seg korkje som administrator eller merketakar.

Hakk i hæl med henne på statistikken

ligg fjellgeita Tordis Myklebust med 50 merker og så kjem Astrid Haugland og Aslaug Lyse med 45 kvar.

Dei som slutta seg gtil selskapet i fjor var Vidar, Lars og Ingebjørg - alle med etternamnet Haugland. Fredag klokka 17.30 på Heia blir ein ny runde med merketaking innleia. Det blir fleire runder utover hausten, lovar Åshild.

På biletet er dei to superveteranane Åshild og Tordis i Hauglandkrysset under ei tidlegare merketaking.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen